

Saksframlegg

Saksbehandlar: Jan Erik Weinbach, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 17/4377-2

Lønspolitisk rammeplan

**Fylkesrådmannen rår hovudsamarbeidsutvalet (HSU) til å gje slik tilråding:
Hovudsamarbeidsutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

Fylkesutvalet vedtek lønspolitikk for Sogn og Fjordane Fylkeskommune, jf. vedlegg 2.

Vedlegg:

- 1) Gjeldande politikk – «Lønspolitisk plan»
- 2) Forslag til revidert lønspolitikk – «Lønspolitikk for Sogn og Fjordane fylkeskommune – lokale vurderingskriterium og individuell lønsdanning»

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Gjeldande lønspolitikk blei vedteken av fylkestinget i desember 2007, sak 49/07. Arbeidsgjevar og arbeidstakarorganisasjonane har i drøftingsmøte og evalueringar av lønsforhandlingane einast om å utarbeide eit forslag til revidert lønspolitikk for Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Det er eit felles ynskje om:

- ein kortfatta og meir oversiktleg lønspolitikk
- å gjere dei lønspolitiske kriteria meir tilpassa dagens behov.

Arbeidsgjevar har, i samarbeid med arbeidstakarorganisasjonane, utarbeida forslag til revidert lønspolitikk som no blir lagt fram for HSU – som førsteinstans. Det er fylkesutvalet som skal gjere vedtak i saka.

2. Vurderingar og konsekvensar

Gjeldande lønspolitiske plan er eit grundig, men også eit omfangsrikt dokument (23 sider, pluss vedlegg). Det omhandlar både lønspolitikk og administrative prosessar knytt til utøvinga av lønspolitikken, som t.d. detaljert omtale av dei ulike prosessar i samband med lønsfastsetjing.

Når det gjeld nemnde prosessar, er det viktig at arbeidsgjevar i drøftingar med organisasjonane tilpassar desse til ei kvartid gjeldane avtaleverk og lokale behov. Både avtaleverk og lokale behov er i jamleg endring. Av den grunn vil det vere upraktisk å inkludere desse i eit lønspolitisk dokument som skal stå seg over fleire år.

For å reindyrke lønspolitikken, og for å lette formidlinga av den, føreslår fylkesrådmannen å fjerne dei administrative prosessane i framlegg til revidert lønspolitikk.

4. Konklusjon

Fylkesrådmannen meiner at dei viktigaste lønspolitiske prinsippa frå «Lønspolitisk plan» er teke i vare i framlegg til revidert lønspolitikk. Vidare at vi i forslaget har klart både å forenkle og å tilpasse dei lønspolitiske kriteria til dagens situasjon.

Fylkesrådmannen tilrår at HSU i si uttale stør forslag til revidert lønspolitikk for Sogn og Fjordane fylkeskommune.